

Retningslinjer for utforming og plassering av utandørs servering og sal i Bryne sentrum, 17.02.12

1. Målsetting

Målsettingane med desse retningslinjene er å:

- Skapa vakre og heilskapelege bymiljø for å byggja opp om sentrumsplanen sitt delmål om å heva kvaliteten på dei fysiske omgjevnadane.
- Uteserveringa skal vera inviterande og skal gjelda for alle. Det skal leggjast til rette for universell utforming av offentleg uteareal.
- Heva kvaliteten på møblar og innretningar som vert nytta av næringsdrivande på offentleg areal i byen.
- Forenkla og effektivisera sakshandsaminga for brukarar og administrasjon av offentlege areal.

2. Inngjerding

For å sikra opne og inviterande fellesareal skal inngjerdingar i størst mogleg grad verta unngått.

Der kor det er påkrevd med inngjerding skal denne bestå av rekkverk i maksimum 0,9 m høgde. Det skal tilstrebast eit ope og enkelt uttrykk og inngjerdinga skal vera lett flyttbar. 3 hovudtypar vert tilrådd:

- "Smijernsgjerde" for historiske bygg og omgjevnadar, i svartlakkert metall.
- Klare glasspanel, sett i enkle svarte metallrammer, som kan ha mogleg heve-senkepanel.
- Pullertar med tau i naturleg hampfarge, eller med kjetting mellom. Pullertar og kjetting skal vera svartlakkert.

Påmontering av seglduk, reklamepanel eller liknande som tettar igjen det opne inntrykk er ikkje tillete. Det er ikkje tillete med stakittgjerde i tre, for eksempel "sørlandsgjerde" i betongfundament.

Det er viktig å finna gode heilskapelege løysingar for omgjevnadar som naturleg vert sett i samanheng. Serveringsstadar som ligg ved sida av kvarandre skal samarbeida om heilskapelege løysingar.

3. Møblar

Stolar, benker, bord og andre møblar skal vera små og lette og av god kvalitet. Dei skal kunne stablast eller slåast saman. Fargebruk skal vera i dempa naturfarge for tre og flettverk, eller i mørkare nyansar mot mørk grå til svart. Møblar i formstøpt plast eller i blankt metall er ikkje tillete.

4. Parasollar og markiser

Ved uteserveringane kan det nyttast frittståande parasollar med trekk i lerrets-farga kvit duk. Det er ikkje tillete med reklame på parasollane. Diskret bruk av firmanamn kan tillatast.

Som overdekking tillatast normalt rette, enkle markiser ut frå vegg. Utforming av markiser skal tilpassast bygget sin karakter og fortausbreidde og må normalt ikkje vera breiare enn 250-300 cm. Det er ikkje tillete med reklame eller bedriftsnamn på markiser, kun mindre namnelogo på nedhengande del av markise.

5. Torgboder/salsplassar og vareutstilling

På faste salsplassar for grønsaker, bær m.m. skal salsboder vera av enkel tradisjonell type med saltak i grøn eller lerretsfarga kvit duk.

I tillegg til salsbodene kan det nyttast frittståande parasollar i same farge.

Salsplassar og vareutstillingar på torg og i gater skal tilpassast omgjevnadane med omsyn til storleik og innretning. Vedlagt kartutsnitt gjev føringar vedrørande areal for serveringsstadane rundt torget.

Det vert ikkje stilt spesielle krav til salsboder på dagleige.

6. Anna utstyr

Uteserveringa skal plasserast direkte på gategrunn/fortau. Ikkje på nokon stad er det tillete med oppbygde tredekke eller kunstige grasmatter eller tepper.

Anna tilleggsutstyr (tre, blomkassar, faklar, skulpturar m.m) skal nyttast i minst mogleg grad og skal stå innanfor arealet avgrensa til servering.

Det er ein føresetnad at eventuelt anna utstyr må utformast som ein integrert del av den heilskap som heile uteserveringa med inngjerding utgjer, og godkjennast på førehand av Time kommune.

7. Misleghald

Gjenteke misleghald av desse retningslinjene kan gje grunnlag for oppseiing av leigeavtale eller inndraging av løyve til bruk av grunn.

8. Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal alltid leggjast til grunn for utforming av offentleg opphaldsareal.

Det skal vera universell tilkomst fram til og inn i eit utandørs serveringsområde, med tilkomst på minimum 1,5 m passasje.

Det skal vera minimum 2 m fri passasje for gåande og rullestolbrukarar på fortau.

Gjerdestøtte eller gjerdefot må ikkje redusera den frie passasjen.

I vinterhalvåret, frå 01.10 – 31.03, aukar kravet til fri passasje til 2,5 m grunna snøopplag og brøyting.

Plassering av barnevogn, sykklar med meir må ikkje hindra fri framkome på areal avsett til ferdsel.

For gangområde, som fortau, torg og gågate skal breidda tilpassast den konkrete detaljløysinga på staden. Det skal vera fri gangsone på begge sider av ledelinjer.

9. Reinhald

Serveringsområdet skal heile tida framstå ryddig og skal vera reingjort seinast ein time etter stengetid.

10. Unntak

Unntak frå desse retningslinjene kan vurderast for spesielle løysingar av høg estetisk kvalitet, der busetnad, inngjerding og møblar vert utforma i samanheng.

Utstyr og møblar som ikkje er i dagleg bruk skal fjernast frå offentleg areal, dersom anna ikkje er særskilt avtalt med Time kommune.